

Pressemelding

Sunnfjord, 27.03.2019

Første steg for ny treindustri i Gulen

Martin Braanaas, Tarje Kusslid og Ingunn Kjelstad etablerer verksemda Fjordtømmer AS. Selskapet skal setje i gang eit pilotprosjekt, med langsiktig mål om etablering av treforbrukande industri i Gulen. Fjordtømmer skal styrke kontakten med skogeigarane, kjøpe og selje tømmer, samt drive forskning og utvikling på tømmerflyten frå skog til industri. Gjennom stiftinga ønskjer trioen å skape større verdiar frå tømmeret på Vestlandet, og utvikle lokale ferdigheiter for næringsutvikling basert på tømmer.

«Det er ein tankevekkar å sjå på tømmerbåtane som går nedover mot Europa med vårt flotte råstoff, medan vi samstundes må importere nesten all materialen til våre eigne bygg. Vi må prøve å ta tømmeret heim att. Tida er inne for å posisjonere seg mot det grønne skiftet, ved å lokal utvikle industri basert på fornybare ressursar.»

Grunnlaget for framtidig etablering av foredlingsbedrifter og auka verdiskapinga på skogeigaren sitt tømmer, står ovanfor tre hovudutfordringar:

- Å forbetre planlegging og gjennomføring av skogdrift og transport
- Å redusere kostnadane slik at nettoverdien av tømmeret blir større
- Å jobbe for ei heilskapleg forvaltning av skogressursane på Vestlandet

Gjennom pilotprosjektet ønskjer Fjordtømmer AS å prøve ut om vi kan auke nettoverdien på tømmeret, ved å la entreprenørane og transportørane vere drivarar av verdikjeda. Samtidig skal tømmeret gjerast meir tilgjengeleg for norsk industri, gjennom utvikling og forskning innan tømmerlogistikk.

Braanaas, Kusslid og Kjelstad er alle frå Sunnfjord og har bakgrunn frå skogbruket. Braanaas og Kusslid eig og driv skogsentreprenørverksemda Sunnfjord Skog AS. Kjelstad er dagleg leiar i Woodinwest AS og har bakgrunn frå skogeigarsamvirket. Braanaas og Kjelstad er aktive skogeigarar.

Piloten skal gjennomførast i eit samarbeid mellom Sunnfjord Skog AS, Woodinwest AS og Glommen Skog AS. Dette er eit utradisjonelt samarbeid i skogsamanheng. Partane har tru på at spennet i kompetanse frå skogshogst, skogsforvaltning, og tømmeromsetting, til sjølogistikk og industrietablering, er grunnlaget for å gjere ting annleis i ei tradisjonell næring.

(Bilde vedlagt.)

For ytterlegare informasjon ta kontakt med:

Ingunn Kjelstad, mobil 90103837

Martin Braanaas, mobil 45850823